



VINDAFJORD KOMMUNE

ETISKE RETNINGSLINER

FOR

VINDAFJORD KOMMUNE

INNLEIING

Eit levande og sunt lokaldemokrati byggjer på eit gjensidig tillitsforhold mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Innbyggjarane sin tillit til dei folkevalde og offentleg tilsette er ein føresetnad for at lokaldemokratiet skal fungere. I ei kommune med godt omdøme, vil de folkevalde sitt handlingsrom auke, og dette gjer det mogeleg for kommunen å fylle rolla som ein god tenesteytar, samfunnsutviklar, forvaltningsmyndigkeit og arbeidsgjevar.

Dei etiske retningslinene er meinte som eit tillegg til lovverket som kommunen styrer si verksemd etter, mellom anna Forvalningslova, Offentligheitslova, Kommunelova, Straffelova, Lov om offentlege anskaffelser med forskrifter, Arbeidsmiljølova, Personopplysningslova, Aksjelova, ILO-konvensjonen nr 94.

Etikken skal vere ei systematisk tenking knytt til kva som er rett og galt, og skal difor vere eit tema til jamnleg refleksjon for å bygge opp om ein felles kulturell haldning til vanskelege dilemma ein som politisk vald representant eller offentleg tilsett kan kome bort i.

Desse etiske retningslinene gjeld både for politisk valde og dei tilsette i kommunen.

1. LOVVERK, INTERNE REGLAR OG VEDTAK SKAL FYLGJAST

Alle pliktar lojalt å halda dei lover, føresegner og reglement som gjeld for kommunen si verksemd. Dette inneber at alle stiller seg lojale til vedtak, både på politisk og administrativt hald.

2. VINDAFJORD KOMMUNE SKAL LEGGJA VEKT PÅ GOD FORVALTNINGSSKIKK

Som forvaltarar av lokalsamfunnet sine felles midlar og ressursar vert det sett spesielt høge krav til den einskilde medarbeidaren sine etiske haldningar i sitt arbeid for kommunen. Dette heng nøyne saman med kommunen sine uttalte verdiar som er *trivsel, handlekraft og levande bygder*. Kommunen sine tilsette skal opptre profesjonelt og i tråd med god forvaltingsskikk. Alle innbyggjarane skal behandlast individuelt og likeverdig.

3. SAKSHANDSAMINGA SKAL VERE OPEN OG REDELEG

Prinsippet openheit i offentleg sakhandsaming (offentlighetsprinsippet) skal praktiserast, med visse etterhald knytte til teieplikt. Relevant og tilstrekkeleg informasjon skal ein gi uoppfordra. Fortrudelege opplysningar som ein mottek i samband med handsaming av saker, må respekterast – og ikkje brukast til personleg vinning.

4. HABILITET I SAKSHANDSAMINGA

Alle skal vera opne om biverv og/eller engasjement i interesse- eller politiske organisasjonar som kan ha noko å seia for den tenesta ein utfører. Dette gjeld i høve til inhabilitet eller brot på lojalitetsplikta. Dersom ein også er folkevald i kommune, har ein eit særskilt ansvar for å vera medviten dei ulike rollene ein har.

Ein skal ikkje la eigne interesser, eller interessene til familie eller nære vener, påverka handlingane sine, saksframstillinga eller vedtaka. Vidare kan ikkje tilsette ha biverv, styreverv eller andre løna eller uløna oppdrag som kan skada kommunen sine interesser eller svekka tilliten til kommuneforvaltninga.

5. LOJAL FRAMFERD OVAFOR FOLKEVALDE

Ein skal vera varsam med å uttala seg på ein slik måte at ein skapar tvil om den politiske beslutningsprosessen.

Dei tilsette som har saksansvar har ikkje høve til å fremja forhold som gjeld eiga teneste direkte for kommunen sine folkevalde for å omgå tenestevegen i ei sak som skal fremjast i det administrative/politiske systemet.

Det blir forventa at dei tillitsvalde sine kontaktar i det politiske miljøet blir nytta på ein ryddig måte.

6. LOJAL FRAMFERD OVAFOR ARBEIDSGJEVAR

Kommunen sine tilsette er plikta til å fylgja dei rettslege og etiske reglar og retningslinjer som gjeld for verksemda. Ein er og plikta å fylgja pålegg frå overordna. Å vera lydig medfører ikkje plikt til å fylgja pålegg om å gjera noko som er ulovleg eller uetisk.

Kritikkverdige forhold skal ein taka opp tenestevøg. Dersom nærmaste leiar viser motvilje mot å ta saka vidare, kan den tilsette veda seg til leiar sin leiar etter først å ha nytta tillitsvaltapparatet på vanleg måte i høve nærmaste leiar. Arbeidsgjevar har plikt til å syta for at ein er open for ei tillitsfull samhandling med dei tilsette og dei tilsette sine representantar.

Tilsette skal forvalta kommunen sine midlar og ressursar på ein mest mogleg rasjonell og økonomisk måte.

Tilsette pliktar å melde frå om eigne eller andre sine handlingar eller forhold som påfører, eller kan påføra, arbeidsgjevar økonomisk tap eller anna materiell eller ikkje-materiell skade.

Det vert forventa at tilsette har ein opptreden i høve bruk av kommunalt utstyr som ikkje vert oppfatta å vere uetisk eller på annan måte vert oppfatta å vere i strid med kommunen sine reglement.

7. PLIKT TIL Å VARSLA

Arbeidstakar har plikt og rett til å varsle om kritikkverdige forhold i Vindafjord kommune. Kritikkverdige forhold kan vera saker som er uetiske, lovstridige eller som kan trua liv eller helse. Eit særskilt ansvar har tilsette som observerer forhold som kan medføra fare for brukarane sin tryggleik. Ein skal alltid først søke å påpeike slike forhold tenestevøg.

8. VERN MOT STRAFF FOR VARSLING

Tilsette som varsler skal vera verna mot straff frå verksemda. Det er ein føresetnad at varslinga ikkje er i strid med nokon anna lov.

9. TILLITSVALDE OG VERNEOMBODA SINE ROLLER

Tillitsvalde og verneombod har ansvar for og plikt til å fremja eventuelle klagemål på vegne av einskildmedlem og organisasjonen på ein høveleg måte.

Dei tillitsvalde og verneomboda sin uttalerett blir ut frå dette større enn for andre arbeidstakrar. Samstundes har den tillitsvalde og verneombodet eit medansvar for å ta vare på samarbeid og arbeidsmiljø, noko som i einskilde tilfelle kan føra til at ytringsfridomen vert redusert.

Det vert forventa at den tillitsvalde/verneombodet har eit gjennomtenkt forhold til saker som vert tekne opp i media. Det er og forventa at den tillitsvalde/verneombodet søker å ordne usemje og kritikkverdige forhold internt med arbeidsgjevar.

10. DET SKAL VISAST VARSEMD KNYTTA TIL ØKONOMISKE FORHOLD

Den einskilde politikar/arbeidstakar skal korkje sjølv eller på vegne av andre – ta mot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordeler som kan påverke tenesta deira.

Mottekne gåver skal eventuelt returnerast med ei kort skriftleg orientering om kommunen sine reglar for dette.

Dersom privatpersonar eller næringslivet ynskjer å bidra med større pengegåver eller andre gåver til spesielle føremål i den kommunale verksemda, skal ordførar eller rådmann varslast om dette.

Tilsette kan ikkje nytta seg av kommunale innkjøps- og rabattordningar ved personlege innkjøp. Gåver og anna av mindre verdi til vanlege høve, eller merkedagar eller høgtider – kan ein akseptera.

Moderate former for gjestfridom og representasjon må ikkje utvikla seg slik at det påverkar beslutningsprosessen – eller kan bli oppfatta slik.

Dersom den tilsette er i tvil om eit forhold er innafor kommunen sine etiske normer, avgjer den tilsette sin leiar dette.

11. LOJAL FRAMFERD MELLOM TILSETTE I ALLE LEDD

Einkvar pliktar å møta sine kolleger på ein inkluderande og respektfull måte. Mobbing og anna trakkassering er ikkje tillede.

Det vert forventa at det ikkje blir snakka nedsetjande om kollegaer som ikkje er til stades og som kan forsvara seg.